



**Naturvernforbundet**  
i Ørsta og Volda

Volda, 11.01.2024

Volda kommune

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

## **Vern av delta i Austefjorden.**

Gjennom FN sin naturavtale, *Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework*, har Norge forpliktet seg til å påskynde vernet av natur. Det ambisiøse målet er vern av 30% av arealet.

---

I ein slik prosess er lokale initiativ avgjerande, og det er naturleg at ein først tek tak i dei mest sårbare og verdifulle areala.

I november -23 sende Miljødirektoratet ut eit rundskriv, “ **Nye naturtypar i oppfølgingsplan for trua natur**”.

Her vert det peika på delta som ein ny trua naturtype, og kommunar, så vel som lokale interesseorganisasjonar (som oss) vert oppmoda om å sjekke planstatus og vurdere vern.

Rundskrivet har ein link til eit kart, der verdifulle elvedelta er markert. Her ser vi at deltaet innst i Austefjorden er det største i vårt område. I Naturbase er det registrert med ID BN00022177. Naturverdiane, både på flora og fauna er godt dokumenterte, og blir omtalt som *det einaste velutvikla brakkvassdeltaet på Sunnmøre, med tilhøyrande karakteristiske artar*. Det har verdsetjinga *Svært viktig*, altså av nasjonal verdi.

Her finn vi også firlingen. Den vesle raudlista planten som miljøvernminister Solheim i 2010 gav Volda kommune i oppdrag å særskilt passe godt på. Kvar kommune fekk då ein ansvarsart.

Naturvernforbundet oppmodar no Volda kommune å setje i gang ein prosess for å få brakkvassdeltaet på Fyrde verna som naturreservat. Verneområdet treng ikkje samsvare med kartet i Naturbase, det må sjølvsagt tilpassast lokale eigdomar og interesser i ein god dialog. Miljødirektoratet har utarbeid ein vegleiar for slike prosessar, og vi vil og minne om at Statsforvaltaren har informert om tilskot for å verne sårbar natur.

Organisasjonen SABIMA rangerer kvart år alle kommunane etter 29 ulike indikatorar som seier noko om korleis kommunen tek vare på naturen. Samla kjem Volda ut som nr 265 av 356. Det er opp 77 plassar frå 2022, men er vi nøgde med det?

I samme rapporten les vi at Volda har verna 0,11% av sitt areal. Der er berre åtte kommunar som har verna mindre, og det er eit stykke opp til det nasjonale målet på 30%.

Naturvernforbundet ser fram til eit initiativ, både frå politisk og administrativt hald. Vi set pris på tilbakemelding, og tek gjerne del i prosessen framover.

Med helsing frå Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,  
Knut Festø,  
Lokallagsleiar.

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/soke-om-tilskudd-trua-natur/>

<https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00022177>

[Naturkampen 2023 \(sabima.no\)](https://www.sabima.no/)

